



Bjerkreim kommune
Landbruk, miljø og teknikk
Landbruksavdelinga

Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8007
0030 OSLO

| | | | | | |
|---|--------------|--------------|-------------|--------------|------------|
| Vår saksbehandlar: | Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkiv: | Dykkar dato: | Vår dato: |
| Svein Olav Tengesdal | | J.p. 13/5735 | FA-V10, FA- | | 31.05.2013 |
| Telefon: 51 20 11 73 | | Sak 13/561 | | | |
| E-post: svein-olav.tengesdal@bjerkreim.kommune.no | | | | | |

Høyring - forskrift om tilskott til drenering av jordbruksjord

Ein syner til Landbruks- og Matdepartementets høyringsbrev av 19.04.2013.

Bjerkreim Kommune vil med dette gje fylgjande høyringsuttale til forslag om forskrift om tilskott til drenering av jordbruksjord:

- **§ 3 vilkår:**
 - Bjerkreim Kommune meiner at all dyrka jord, der det har gått meir enn 10 år sidan nydyrking bør vera berettiga tilskott, uavhengig om arealet har vore systematisk grøfta tidlegare. Ein skal ikkje premiera dårleg nydyringsarbeid, men erfaringsmessig kan behov for grøfting oppstå med bruk og etter at arealene har satt seg.
 - Normalt bør ein ikkje gje tilskott til arbeid som er påbegynt for tilskott er innvilga, men i denne saka bør ein laga ei overgangsordning for 2013. Gleda var stor hjå bøndene når dette vart vedteke i jordbruksoppgjøret i 2012, og mange bønder starta grøftinga når veret var lagelig og i god tro om at ordninga både var vedteken og gjort gjeldande. Me trur det er brei einighet i forvaltninga om at dette regelverket skulle vore på plass for lenge sidan, sjølv om bakgrunnen for problemet med å utferdige eit regelverk kan vera legitim nok. For å retta opp deler av denne forsenkinga, bør ein kunne si at grøftarbeid som var påbegynt etter 01.08.2012 vil det vera mogleg å søkja tilskott til i 2013.
- **§ 4 Berekning av tilskott:**
 - På generell basis meiner Bjerkreim Kommune at tilskottsbeløpet burde vore vesentlig høgara enn kr. 1 000,- pr. daa slik at det ville stimulert til å fokusera på grøfting i langt større grad enn i dag.

- Bjerkreim Kommune meiner at ein bør betale ut tilskott også under kr. 5 000,-, om ein skal setja nokon grense, så bør den setjast på kr. 2 000,-. Bakgrunnen for dette synspunktet er at det også er viktig å fokusera på dei mindre sakene, og også det faktum at det lønner seg å ta tak i grøfteproblema før dei veks seg store. Dersom ein ikkje ordner opp i mindre grøfteproblemer på 2 -3 daa kan det fort utvikle seg til større problem over eit større areal. I Bjerkreim kommune vil svært mange aktuelle saker vera mellom 3 og 5 daa, i og med at bonden vil foreta grøftinga samtidig som ein fornyar enga.

På generell basis meiner me også at det bør setjast krav til at grøfterøyr er godkjent etter Norsk Standard. Det har over tid blitt brukt grøfterøyr av for dårleg kvalitet, slik at eit kostbart og omfattande arbeide med grøfting har vore fånytted. Når det offentlige går inn med tilskott bør ein kunne stille krav til at grøfterøyra er av god kvalitet.

Med helsing



Svein Olav Tengesdal
fagkonsulent